



Ein ny, vellukka variant var å senda toget om båthamnane. Flaggberar-rekka til venstre blir leia av Karoline Neset, som bekransa bautaen på Stemneplassen over krigsdeltagarane. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Vi er best og bør vera takksame for at vi har det så utruleg bra, men kanskje bør vi bli best også til å dela i staden for å grava alt til oss?
 Kyrkjelydssekretær og konfirmantlærar Oddbjørg Heimark, stilte dette spørsmålet då ho heldt tala for dagen for bortimot 500 uskedelingar på Stemneplassen og dermed runda av ein utruleg fin nasjonaldag. Vergudar i godlag på Vestlandet gjorde han til ein festdag av same kaliber som i fjor.



"Røysterett for alle" gjennomførte ein songstafett med fire stoppar også 17. mai 2008. Her syng dei i kyrkja. (Foto: Ola Matti Mathisen)
 Det byrja som tradisjonen tilseier med ein dundrande salutt avfyrt av Sverre Myklebust. I kyrkja innleia "Røysterett for alle" ein songstafett som kunne ta pusten for nokon kvar men som songarane hevda berre gav

dei meir energi! Dei var innom både Bringedalsbygda skule og Omvikdalen skule før dei vendte attende til Uskedalen og sette ein klar spiss på festprogrammet på Stemneplassen.

Prologen til Olaf Agnar Gausvik om hærmennene frå Uskedalen som vart kalla ut i ufredsåra 1808/1814 og som er minna med bautaen ved Grana vart også dette året lese av femteklassingar, innramma av ein skulemusikk med stigande formkurve.



Oddbjørg Heimark heldt ei manande tale for dagen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Leikane på grusbana gjekk med liv og lyst til toget vart oppstilt og denne gongen hadde komiteleiinga vald ein ny og spanande gangrute. Den gjekk via båthamnane og Rabben Feriesenter og det er ingen tvil om at ein slik variant var vellukka. Til dømes kunne ingen klaga på for mykje oppoverbakke.

I fjor var det den 91 år gamle krigsdeltakar Sigvald Eik som heldt minnetala før han bekransa bautaen over dei 35 deltakarane frå Uskedalen i siste krig. I år var det 17 år gamle Karoline Neset som hadde denne oppgåva og streka under kor viktig det er å ha eit forsvar som er godt førebudd også i vår tid..



Det gjekk med liv og lyst i "leikeavdelinga" på grusbana. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det nye skulekoret og skulemusikken hadde også innslag før Heimark slapp til og mellom anna var innom makt-tilhøva her i landet. Ho peika på at Vestlandfylka står for 75 prosent av all verdiskaping..

- Men vi har ikkje noko makt. Ho sit i Oslo der dei freistar å forvalta store overskot, som blir til underskot. Vår region er ein av dei beste i Europa og burde få den makt dei fortener, uttala Heimark.

Ho meinte vestlendingane bør stå meir fram og seia at dei er best i staden for å uttala at "heller ikkje dette blir nokon god dag".

- Lat oss ta vare på verdiane og forvalta dei enda betre. Vi treng ikkje bruka opp alt i morgon eller dei aller næraste åra, meinte 17.mai-talaren.

Ronny Lakselv var programleiar både ved Grana og på Stemneplassen.

Av Ola Matti Mathisen



Det var femteklassingane Victoria A. Eik, Lars Andres Sæbø, Bente Halvorsen og Tone Helen Moen som las prologen og la ned krans ved bautaen ved Grana. (Foto: Ola Matti Mathisen)